

Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Høyringsnotat

**Forslag til endringar i regelverket for sjukepengar og stønad ved barns sjukdom
(folketrygdlova kapittel 8 og 9)**

Høyringsfrist: 22. august 2025

Innhald

Høyringsnotat	1
1 Innleiing	3
2 Forslag om endringar i reglane for sjukepengar til frilansarar som midlertidig er ute av inntektsgivande arbeid og som tar imot sluttvederlag eller etterlønn.....	4
2.1 Gjeldande rett	4
2.2 Departementet si vurdering.....	5
2.3 Økonomiske og administrative konsekvensar.....	5
3 Forslag om å lovfeste at vedtak om utvida rett til omsorgspengar kan avgrensast i tid	6
3.1 Gjeldande rett	6
3.2 Departementets vurdering	6
3.3 Økonomisk og administrative konsekvensar.....	8
4 Forslag om ei samla føresegn om gradering av pleiepengar og opplæringspengar	8
4.1 Gjeldande rett	8
4.1.1 Nærmore om gradering av pleiepengar på grunn av tilsyn og avlasting frå andre	
8	
4.1.2 Nærmore om gradering av pleiepengar når fleire omsorgspersonar deler på pleia	
av barnet.....	9
4.1.3 Nærmore om gradering av pleiepengar ved samtidig arbeid/inntekt	9
4.1.4 Nærmore om gradering av opplæringspengar	10
4.2 Departementet si vurdering.....	10
4.2.1 Ei samla føresegn om gradering	10
4.2.2 Nærmore om korleis § 9-11 vil bli	10
4.2.3 Forslag om å lovfeste talet personar som kan dele på pleiepengar	11
4.2.4 Forslag om å fjerne vilkåret om 37,5 timars arbeidsveke i ny § 9-11.....	12
4.3 Økonomiske og administrative konsekvensar.....	12
5 Forslag om å presisere reglane for rett til opplæringspengar i tråd med praksis	12
5.1 Gjeldande rett	12
5.2 Departementet si vurdering.....	13
5.2.1 Vilkåra knytte til tenestene	13
5.2.2 Vilkår knytt til rettssubjektet for rett til opplæringspengar.....	13
5.3 Økonomiske og administrative konsekvensar.....	14
6 Forslag om eiga føresegn om kva for reglar i kapittel 8 som skal gjelde for pleiepengar	
og opplæringspengar.....	14

6.1	Gjeldande rett	14
6.2	Departementet si vurdering.....	15
6.3	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	15
7	Forslag om å presisere eit lovkrav om medisinsk dokumentasjon ved unntak frå gradering av pleiepengar på grunn av nattevake og beredskap.....	16
7.1	Gjeldande rett	16
7.2	Departementet si vurdering.....	16
7.3	Økonomiske og administrative konsekvensar.....	17
8	EØS-rettslege vurderingar knytte til forslaga.....	17
9	Utkast til endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd	17

1 Innleiing

Arbeids- og inkluderingsdepartementet foreslår å endre somme reglar om sjukepengar, omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar i kapittel 8 og 9 i folketrygdlova.

Departementet foreslår at frilansarar som midlertidig er utan arbeid og som mottar sluttvederlag eller etterlønn, får rett til sjukepengar etter reglane som gjeld for inaktive personar opptil seks månader etter siste oppdrag. Det vil samsvare med reglane som gjeld for arbeidstakarar som mottar sluttvederlag eller etterlønn. I dag har frilansarar berre rett til sjukepengar opptil éin månad etter siste oppdrag.

Departementet foreslår å lovfeste at vedtak om utvida rett til omsorgspengar (sjukt-barn-dagar) kan avgrensast i tid. Forslaget vil sikre at den utvida retten omfattar dei barna som fyller vilkåra over tid. I tillegg vil det gjere forvaltinga av ordninga enklare for Arbeids- og velferdsetaten.

Departementet foreslår ei lovteknisk endring der reglane om gradering for pleiepengar og opplæringspengar blir samla i éi føresegen av pedagogiske omsyn og forenklingsomsyn. Som ein del av dette blir det foreslått at å fjerne føresegna om at graderte pleiepengar skal bli målte opp mot ei normalarbeidsveke på 37,5 timer. Dette følger av forskrift i dag og treng ikkje stå i ny føresegen om gradering. Departementet foreslår vidare å regulere talet på personar som kan dele på 100 prosent pleiepengar. I dag er dette ikkje nærmare regulert, og praksis har vore ulik. Departementet foreslår også å presisere eit lovkrav om medisinsk dokumentasjon ved unntak frå gradering av pleiepengar ved nattevake og beredskap. Det bør komme fram av legeerklæringa om det er nødvendig med nattevake eller å vere i beredskap, og om dette er til hinder for at ein mottakar av pleiepengar kan arbeide når barnet likevel har tilsyn frå andre.

Departementet foreslår vidare endringar i føresegna om rett til opplæringspengar for å bringe lova i tråd med praksis og dagens tenestetilbod.

Departementet foreslår til slutt å etablere ein heimel til å gi forskrifter som tydeleg og samla gjer greie for kva for reglar i folketrygdlova kapittel 8 som skal gjelde for pleiepengar og opplæringspengar. Dette forslaget har pedagogiske formål.

2 Forslag om endringar i reglane for sjukepengar til frilansarar som midlertidig er ute av inntektsgivande arbeid og som tar imot sluttvederlag eller etterlønn

2.1 Gjeldande rett

Rett til sjukepengar følger av lov om folketrygd 28. februar 1997 nr. 19 (folketrygdlova) kapittel 8. Formålet med sjukepengar er å kompensere for at arbeidsinntekt fell bort for yrkesaktive personar som er arbeidsuføre på grunn av sjukdom eller skade. Det er eit vilkår at den arbeidsuføre er medlem av folketrygda og har vore i arbeid dei fire siste vekene før vedkommande blei arbeidsufør (oppentingstid), jf. folketrygdlova § 8-2. Likestilt med å ha vore i arbeid er tidsrom der personen har tatt imot livsopphaldsyttingar etter folketrygdlova, som dagpengar (folketrygdlova kapittel 4), sjukepengar (kapittel 8), stønad ved sjukdom hos barn (kapittel 9) og foreldrepengar (kapittel 14). Det er vidare krav om at personen har tapt pensjonsgivande inntekt, og at inntektsgrunnlaget for sjukepengar er minst 50 prosent av grunnbeløpet, jf. folketrygdlova § 8-3.

Sjølv om det er eit hovudkrav at den sjuke har vore i jobb direkte før sjukmeldingstidspunktet, kan ein person som midlertidig er utan jobb, likevel ha rett til sjukepengar viss det på sjukmeldingstidspunktet er *mindre enn ein månad* sidan sist vedkommande var i jobb. Dette følger av reglane i folketrygdlova § 8-47, som gir rett til sjukepengar til yrkesaktive personar som midlertidig er ute av inntektsgivande arbeid (ofte kalla sjukepengar til inaktive). Dersom ein person er omfatta av § 8-47, får personen først rett til sjukepengar frå og med 15. dag etter sjukmeldingstidspunktet. Dekningsgraden er også lågare, nemleg 65 prosent av sjukepengegrunnlaget. Personar som har vore inaktive kortare enn ein månad og som har komme i arbeid, men ikkje har rokke å jobbe fire veker, har likevel rett til 100 prosent av grunnlaget frå 15. dag. Det er eit vilkår for å få rett til sjukepengar som inaktiv at ein kan godt gjere at ein har eit inntektstap, og at sjukepengegrunnlaget er minst like stort som grunnbeløpet (grunnbeløpet utgjer kr 124 028 per 1. mai 2024), jf. § 8-47 femte ledd.

Reglane for rett til sjukepengar for inaktive gjeld for alle yrkeskategoriar, det vil seie for arbeidstakrarar, frilansarar og sjølvstendig næringsdrivande. Ytingar etter folketrygdlova kapittel 9 (pleiepengar, omsorgspengar og opplæringspengar), kan også bli gitte til inaktive etter reglane i § 8-47.

I § 8-47 fjerde ledd første punktum er det tatt inn ein særregel for personar som tar imot eller har tatt imot sluttvederlag eller etterlønn i forbindelse med at eit arbeidsforhold opphører. For personar som får sluttvederlag eller etterlønn blir tidsperioden for å få rett til sjukepengar som omtalt i § 8-47 første ledd, utvida frå éin månad til opptil seks månader. Etter ordlyden og forarbeida til regelen gjeld dette berre for arbeidstakrarar. I § 8-47 står det «arbeidsforhold», og i forarbeida står det «arbeidstakere», sjå Ot.prp. nr. 10 (2003–2004):

«Videre vil arbeidstakere som i forbindelse med nedbemanninger mottar sluttvederlag i form av en eller flere månedslønner eller mottar lønn i oppsigelsestiden uten arbeidsplikt, kunne rammes av regelendringen. I slike situasjoner foreligger det ikke dagengerett før tidsperioden som sluttvederlaget eller etterlønnen er ment å dekke, er utløpt. Dette vil i praksis alltid være mer enn en måned. For å unngå at denne gruppen skal miste sykepengerettigheter foreslås det et unntak. Variasjonene i slike sluttpakkeavtaler er store, men departementet legger til grunn at utbetalingene i de

fleste tilfeller ikke vil utgjøre mer enn en halv årlønn. Det vil være rimelig at denne gruppen har sykepengerettigheter i behold i opptil 6 måneder etter at arbeidsforholdet ble avsluttet, og departementet foreslår et slikt unntak.»

I § 8-47 fjerde ledd andre punktum er det også særreglar for personar som har utdanningspermisjon frå eit arbeidsforhold. I desse tilfella blir tidsperioden for få rett til sjukepengar utvida til tolv månader dersom utdanninga blir avbroten på grunn av sjukdom.

2.2 Departementet si vurdering

Etter § 8-47 fjerde ledd første punktum gjeld den utvida retten til sjukepengar for personar som får sluttvederlag/etterlønn etter at dei har avslutta eit arbeidsforhold. Ordlyden og forarbeida til føresegna taler for at ho berre gjeld for arbeidstakrar, og slik blir det praktisert. Sjølv om det er mest vanleg at det er arbeidstakrar som får sluttvederlag/etterlønn, kan også frilansarar få sluttvederlag/etterlønn.

Så lenge ein person får sluttvederlag/etterlønn, har hen ikkje rett til dagpengar før tidsperioden som sluttvederlaget eller etterlønna er meint å dekke, er løpt ut. Departementet meiner det er urimeleg at det berre er arbeidstakrar som har ein utvida rett til sjukepengar som inaktiv etter reglane i § 8-47 fjerde ledd første punktum. Frilansarar kan også kan ha rett til sluttvederlag/etterlønn etter å ha avslutta eit oppdrag, og frilansarar kan heller ikkje få dagpengar før tidsperioden som sluttvederlaget eller etterlønna er meint å dekke er løpt ut. På denne bakgrunnen foreslår departementet ei endring i folketrygdlova § 8-47 fjerde ledd første punktum slik at det går fram at ein medlem som får eller har fått sluttvederlag eller etterlønn i samband med opphør av eit arbeidsforhold *eller frilansaroppdrag*, får utvida rett til sjukepengar som inaktiv i seks månader. For å gjere tydeleg at den utvida tidsperioden berre gjeld for perioden som sluttvederlaget eller etterlønna er meint å dekke (sjå sitat frå forarbeida i pkt. 3.1 over), foreslår departementet at det også blir tatt inn i føresegna at tidsperioden for kor lenge ein kan få rett til sjukepengar blir utvida til *opptil* seks månader. I dag står det i føresegna at fristen blir utvida til seks månader.

Departementet gjer for ordens skyld oppmerksam på at det er eit vilkår for å få rett til sjukepengar etter folketrygdloven § 8-47 at ein kan godtgjere at ein har eit inntektstap, og at sjukepengegrunnlaget er minst like stort som grunnbeløpet (grunnbeløpet utgjer kr 124 028 per 1. mai 2024), jf. § 8-47 femte ledd.

Departementet foreslår å endre folketrygdlova § 8-47 i tråd med det som står over.

2.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet anslår at ei svært lita gruppe vil bli omfatta av den foreslatté utvidinga av yrkesgruppa i § 8-47 fjerde ledd første punktum. Departementet anslår at meirkostnaden vil vere på om lag 1,4 mill. kroner.

Regelendringa som blir foreslått vil også medføre utvida rett til pleiepengar for frilansarar som får sluttvederlag/etterlønn. Departementet antar at denne utvidinga berre unntaksvis vil få følger, og meirkostnadene knytte til pleiepengar blir da anslått å bli tilnærma null.

Utgifter til systemutvikling og administrative kostnader av forslaget er estimerte til om lag 1,5 mill. kroner.

3 Forslag om å lovfeste at vedtak om utvida rett til omsorgspengar kan avgrensast i tid

3.1 Gjeldande rett

Omsorgspengar (sjukt-barn-dagar) er regulerte i kapittel 9 i lov om folketrygd 28. februar 1997 nr. 19 (folketrygdlova). Yrkesaktive personar (arbeidstakrar, frilansarar og sjølvstendig næringsdrivande) som har omsorg for barn kan få omsorgspengar dersom dei er borte frå arbeidet fordi barnet eller barnepassaren er sjuk, fordi barnet skal til lege e.l., eller fordi barnepassaren må ta vare på eit anna barn som er sjukt eller skal til lege e.l., jf. folketrygdlova § 9-5 første ledd. Retten til omsorgspengar gjeld til og med det kalenderåret barnet fyller tolv år. Dersom barnet er kronisk eller langvarig sjukt eller funksjonshemma, og det fører til ein markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet, gjeld retten til og med det året barnet fyller 18 år, jf. folketrygdlova § 9-5 tredje ledd.

Som hovudregel får ein arbeidstakar omsorgspengar i opptil ti stønadsdagar for kvart kalenderår. Har vedkommande omsorg for meir enn to barn, blir det ytt omsorgspengar i opptil 15 stønadsdagar. Dersom eit barn er kronisk eller langvarig sjukt eller funksjonshemma, og det fører til ein markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet, kan omsorgspengar bli innvilga med tillegg av 10 stønadsdagar for kvart kronisk eller langvarig sjuke eller funksjonshemma barn, jf. folketrygdlova § 9-6 tredje ledd. Når arbeidstakaren er aleine om omsorga, blir talet på dagar dobla, jf. folketrygdlova § 9-6 første og andre ledd.

For at arbeidstakaren skal få utvida rett til omsorgspengar etter § 9-6 andre ledd, må Arbeids- og velferdsetaten ha godtatt at barnet er kronisk eller langvarig sjukt eller funksjonshemma, og at dette fører til markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet, jf. folketrygdlova § 9-6 fjerde ledd. Da blir det fatta vedtak om utvida rett til omsorgspengar.

Ti dagar med omsorgspengar blir dekte av arbeidsgivaren, jf. folketrygdlova § 9-8. Dersom arbeidstakaren har rett til meir enn ti dagar, kan arbeidsgivaren krevje å få refusjon for lønn utbetalt for det talet på dagar som overstig ti. Sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar har ingen arbeidsgivar og må dekke dei ti første dagane sjølv (ventetid). Dersom dei har rett til meir enn ti dagar, kan dei krevje desse dagane dekte av folketrygda, jf. folketrygdlova § 9-9.

3.2 Departementets vurdering

Rett til omsorgspengar gjeld i utgangspunktet til og med det året barnet fyller tolv år. Når barnet er kronisk sjukt, langvarig sjukt eller funksjonshemma, og dette fører til markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet, gjeld retten til omsorgspengar med tillegg på ti stønadsdagar, til barnet er 18 år. I desse tilfella fattar Arbeids- og velferdsetaten vedtak om *utvida rett til omsorgspengar* etter ei konkret vurdering. Retten gjeld altså både utvida aldersgrense og utvida tal på stønadsdagar.

Arbeids- og velferdsetaten har behov for å kunne avgrensa slike vedtak om utvida rett til omsorgspengar i tid. Når det føreligg vedtak om utvida rett til omsorgspengar gjeld dette framover i tid, og det blir i dag ikkje gjort ei seinare, ny prøving av om vilkåra etter folketrygdlova § 9-6 andre ledd er til stades. Det er heller ikkje rutine for å tidsavgrense på annan måte.

For å få utvida rett til omsorgspengar er vilkåret at barnet er kronisk sjukt, langvarig sjukt eller funksjonshemma. Vilkåret om «langvarig sjuk» kom nyleg inn i lova, i § 9-5 tredje ledd og § 9-6 andre ledd, med verknad frå 1. januar 2023, sjå Prop. 7 L (2022–2023). Langvarig blir i lovproposisjonen angitt til å vere «mer enn ett år». Det heng saman med at omgrepene skal bli forstått på same måte som tilsvarende omgrep i arbeidsmiljølova § 12-9 tredje ledd og folketrygdlova § 9-14 om opplæringspengar. Det er fast praksis i Arbeids- og velferdsetaten for at vilkåret langvarig sjukdom inneber at sjukdommen må vere i meir enn eit år frå da sjukdommen blei konstatert.

Som tidlegare nemnt er det også eit krav for utvida rett til omsorgspengar at barnet sin sjukdom må føre til markert høgare risiko for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet.

Lovendringa i § 9-6 andre ledd om langvarig sjukdom har gjort det vanskelegare å vurdere kva for periodar dette vilkåret er oppfylt. Problemstillinga gjeld særleg når foreldra søker om utvida rett til omsorgspengar for barn som er sjuke i periodar, som f.eks. «øyrebarn» eller barn med astma. Felles for desse er at sjukdommane kan gi mye fråvær i dei periodane barnet er ramma, men at det også finst god behandling som kan redusere plagene, og at barnet i mange tilfelle kan vekse av seg plagene. I tilfelle der det er grunn til å anta at risikoen for fråvær vil kunne endre seg over tid, vil det vere hensiktsmessig å kunne tidsavgrense vedtaket til å gjelde den perioden dei medisinske opplysningane tilseier at det er sannsynleg at vilkåra om markert fråvær vil vere oppfylte.

Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet viser at det i 2023 og 2024 var om lag 8 500 saker der utvida rett til omsorgspengar blei innvilga. Sjølv om etaten har innvilga utvida rett til omsorgspengar, betyr det ikkje nødvendigvis at retten blir nytta. Direktoratet har ikkje tal på kor mange omsorgspersonar eller barn dei innvilga sakene gjeld for.

Departementet viser til at folketrygdlova § 21-6 opnar for at Arbeids- og velferdsetaten kan fatte nytt vedtak dersom det skjer ei endring i forhold som er av betydning for retten til ytinga vedkommande tar imot. Etaten kan derfor fatte nytt vedtak dersom barnet ikkje er sjukt lenger slik § 9-6 krev. Ein føresetnad for at etaten kan fatte nytt vedtak, er at etaten blir informert om at behovet er endra. Etaten erfarer at dei sjeldan får opplysningar om at barnet ikkje lenger er langvarig sjukt. Dette gjeld sjølv om foreldra har blitt informerte skriftleg om at dei har plikt til å opplyse om slike endra forhold, jf. folketrygdlova 21-3 første ledd andre punktum. Departementet vurderer derfor at desse reglane (foreldra si opplysningsplikt og etaten sine høve til å fatte nytt vedtak ved endra forhold) ikkje er tilstrekkelege til å sikre at vedtak om utvida rett til omsorgspengar berre skal gjelde for dei periodane vilkåra faktisk er oppfylte.

Departementet ser at ei løysing kunne vore å etablere rutinar for å kontrollere jamleg om vilkåra for ytinga framleis er oppfylte. Dette er lovregulert for auka hjelpestønad i folketrygdlova § 6-7, der revurdering skjer kvart tredje år. Arbeids- og velferdsdirektoratet opplyser at slike jamlege revurderinger for å kontrollere vilkåra for ytinga, vil vere svært arbeidskrevjande og krevje fleire ressursar enn i dag. Departementet vil derfor ikkje foreslå ei slik løysing.

Departementet ser at det er behov for å kunne tidsavgrense vedtak om utvida rett til omsorgspengar når det er sannsynleg at barnet blir friskt, eller at den markert høgare risikoen for fråvær frå arbeidet for å ta seg av barnet endrar seg med tida. Departementet foreslår at den utvida retten kan avgrensast i tid dersom vilkåra for utvida rett til

omsorgspengar som nemnt i § 9-5 tredje ledd første punktum ikkje er forventa å vare fram til det året barnet fyller 18 år. Departementet foreslår vidare at endringa skal gjelde for nye saker. Departementet foreslår å endra folketrygdlova § 9-5 i tråd med dette.

3.3 Økonomisk og administrative konsekvensar

Departementet vurderer at forslaget ikkje vil ha merkbare økonomiske konsekvensar da ein reknar med at dei som tidsavgrensing av vedtak vil gjelde for, og som framleis treng ekstra dagar, vil søke på nytt. Dette er likevel usikkert.

Forslaget vil medføre administrative kostnader på om lag 2,5 mill. kroner.

4 Forslag om ei samla føresegn om gradering av pleiepengar og opplæringspengar

4.1 Gjeldande rett

Formålet med stønad etter folketrygdlova kapittel 9 er å kompensere for bortfall av arbeidsinntekt for yrkesaktive personar i samband med sjukdom og funksjonshemmning hos barn. Når ein person har omsorg for barn under 18 år som på grunn av sjukdom, skade eller lyte har behov for kontinuerleg tilsyn og pleie, og omsorgspersonen derfor må vere borte frå arbeidet, kan hen ha rett til pleiepengar, jf. folketrygdlova § 9-10 første ledd.

Ein person som treng nødvendig opplæring for å ta seg av og behandle eit barn med ei funksjonshemmning eller ein langvarig sjukdom, kan få opplæringspengar dersom hen gjennomgår opplæring ved ein godkjent helseinstitusjon eller deltar på foreldrerekurs ved eit offentleg spesialpedagogisk kompetansesenter og taper inntekt på grunn av dette, jf. folketrygdlova § 9-14. Stønaden blir gitt for den tida den nødvendige opplæringa går føre seg.

Dersom ein forelder må pleie barnet på fulltid og dermed ikkje kan arbeide i det heile tatt, blir fulle pleiepengar innvilga (100 prosent yting). Pleiepengane erstattar da den tapte arbeidsinntekta. Det same gjeld for opplæringspengar, slik at dersom mottakaren av opplæringspengar må vere heilt borte frå arbeidet ein eller fleire dagar for å delta på opplæringa, blir fulle opplæringspengar innvilga for desse dagane (100 prosent yting).

I nokre tilfelle blir det gitt graderte (reduserte) pleiepengar og opplæringspengar. Reglane for når stønadene skal bli graderte står forskjellige stader i lovteksten, sjå nærmare om heimelgrunnlaga i underpunktta lenger ned. Pleiepengar blir graderte i følgande situasjonar:

- Når barnet er i etablert tilsyns- eller avlastingsordning delar av dagen eller nokre dagar i veka.
- Når fleire omsorgspersonar deler på pleia av barnet.
- Når pleiepengemottakaren har noko arbeid/inntekt i tillegg til å utføre pleia av barnet (og dermed ikkje taper all arbeidsinntekt).

Opplæringspengar blir graderte når mottakaren har noko arbeid/noka inntekt ved sidan av å delta på opplæringskurs.

4.1.1 Nærmare om gradering av pleiepengar på grunn av tilsyn og avlasting frå andre

Det følger av folketrygdlova § 9-11 at pleiepengar skal bli graderte når barnet er i tilsyns- og avlastingsordning delar av dagen eller nokre dagar i veka. Slike ordningar vil typisk vere

barnehage og skole, men kan også vere avlastingsbustad eller andre typar avlastingstilbod. Da er det andre personar som tar seg av barnet, og omsorgspersonen er fristilt til å arbeide. Det går fram av § 9-11 andre ledd at ytinga skal graderast ned for kvar time barnet har tilsyn av andre, målt mot ei normalarbeidsveke på 37,5 timer og at ytinga kan graderast ned til 20 prosent. Det er vidare gitt eit unntak frå denne graderinga, når sjukdommen til barnet medfører at omsorgspersonen likevel ikkje kan vere i arbeid fordi barnet må ha tilsyn og pleie om natta (nattevake), eller omsorgspersonen må vere i beredskap, jf. folketrygdlova § 9-11 tredje ledd.

Med heimel i folketrygdlova § 9-11 fjerde ledd er det gitt forskrift om gradering av pleiepengar, (FOR 2017-09-14-1405). I forskrifta § 2 er normalarbeidsveke og normalarbeidsdag nærmare definert som høvesvis arbeidsveke på 37,5 timer og arbeidsdag på 7,5 timer, i tillegg til at ein arbeidsdag utgjer 20 prosent av ei normal arbeidsveke. Forskrifta § 3 seier også at det ikkje skal takast omsyn til timer med tilsyn og avlasting som overstig 7,5 timer i løpet av ein arbeidsdag. Timetalet barnet har tilsyn og avlasting frå andre, blir summert på vekesbasis. Dersom vilkåret i folketrygdlova § 9-11 tredje ledd er oppfylt, skal dei timane omsorgspersonen ikkje kan arbeide som følge av nattevake og beredskap bli trekte ifrå dette timetalet.

4.1.2 Nærmare om gradering av pleiepengar når fleire omsorgspersonar deler på pleia av barnet

Pleiepengar blir gitte til ein medlem som har omsorg for barnet, jf. folketrygdlova § 9-10 første ledd. Omsorgspersonen vil i dei fleste tilfella vere ein forelder til barnet, men det kan også vere andre personar, som ein besteforelder, steforelder eller andre, så lenge personen har omsorg for barnet. Det er ikkje eit generelt krav om dagleg omsorg slik dette blir brukt f.eks. i folketrygdlova kapittel 15 (stønad til einsleg mor eller far). Ein annan person enn ein forelder kan altså tre inn i særlege saker. Ved søknad om pleiepengar frå andre enn foreldre blir det sett hen til omsorgssituasjonen på søknadstidspunktet, jf. Innst. 93 L (2018–2019) og Prop. 12 L (2018–2019).

Dersom eit barn sitt behov for kontinuerleg tilsyn og pleie gjer at omsorgspersonen ikkje kan vere i arbeid i det heile tatt og derfor taper all inntekt, blir det innvilga inntil 100 prosent pleiepengar til omsorgspersonen.

I nokre tilfelle er barnet sitt behov for kontinuerleg tilsyn og pleie så stort at to omsorgspersonar kan få pleiepengar samtidig, jf. § 9-10 andre ledd. Når begge må vere heilt borte frå arbeidet, og begge derfor taper inntekt fordi dei må pleie barnet samtidig, blir det innvilga 200 prosent pleiepengar (dei to omsorgspersonane får da kvar innvilga 100 prosent pleiepengar, som kan takast ut samtidig).

4.1.3 Nærmare om gradering av pleiepengar ved samtidig arbeid/inntekt

Folketrygdlova § 9-15 regulerer korleis pleiepengane skal bli berekna og utbetalte. Det går fram av føresegna at pleiepengar skal bli ytte etter dei same reglane som sjukepengar (folketrygdlova kapittel 8). Føresegne om berekning og utbetaling i kapittel 8 vil da gjelde om ikkje anna er bestemt. Det inneber at folketrygdlova § 8-13 (som gjeld graderte sjukepengar ved delvis arbeid) også skal gjelde for pleiepengar, og denne paragrafen blir dermed heimel for gradering av pleiepengar mot samtidig arbeid og inntekt.

Det følger av dei innleiande, generelle føresegne i kapittel 9 at rett til pleiepengar føreset føregåande yrkesaktivitet. Den som søker om pleiepengar må ha vore i arbeid i minst fire veker direkte før fråværet frå arbeidet (oppteningstid) eller ha annan aktivitet, som mottak av ytingar, som er likestilt med arbeid, jf. folketrygdlova § 9-2. Det er vidare krav om tap av pensjonsgivande inntekt, og at inntektsgrunnlaget for pleiepengar må utgjere minst 50 prosent av grunnbeløpet, jf. folketrygdlova § 9-3.

4.1.4 Nærmore om gradering av opplæringspengar

Opplæringspengar blir graderte når mottakaren er i delvis arbeid, sjå omtalen av same situasjon for pleiepengar under punkt 4.1.3.

4.2 Departementet si vurdering

4.2.1 Ei samla føresegn om gradering

Regelverket for gradering av pleiepengar (særleg) og opplæringspengar er komplisert og fragmentert (regulering i både kapittel 8 og 9), i tillegg til at noko ikkje er direkte regulert, men berre fast praksis i Arbeids- og velferdsetaten. Eit slikt rettsbilete er krevjande å forhalde seg til både for brukarar og etaten. Reglane kan vere vanskelege å forstå, og utfordrande å rettleie om og saksbehandle. Sidan reglane om gradering i folketrygdlova kapittel 8 er laga for sjukepengar og korleis sjukepengar skal bli graderte ved samtidig arbeid, er det krevjande frå eit rettleatings- og saksbehandlingsperspektiv å overføre dette til tilfelle der det blir søkt om stønad ved barns sjukdom.

Arbeids- og velferdsdirektoratet meiner det er behov for å redigere og samle graderingsreglane i ei føresegn i folketrygdlova kapittel 9.

Departementet vil framheve at ei samla graderingsføresegn vil vere ein fordel på mange vis. Når vilkåra er samla på éin stad, blir det lettare å finne fram til og forstå i kva for tilfelle ytinga skal bli gradert. Det er eit forenklande og pedagogisk grep som vil sikre ein meir føreseieleg rettstilstand for brukarar og gjere saksbehandlinga og rettleiinga i Arbeids- og velferdsetaten enklare. Det vil bidra til å sikre riktige avgjerder og likebehandling.

Departementet vil ikkje foreslå endringar i det materielle innhaldet i graderingsreglane. Departementet meiner det er riktig at stønadene skal bli reduserte når mottakaren arbeider og dermed har inntekt ved sidan av pleieoppgåvene/opplæringsa, når stønaden blir delt mellom fleire mottakarar, og når barnet har tilsyn av andre og foreldra dermed kan arbeide. Departementet vil heller ikkje endre dagens unntak frå gradering pga. nattevake/beredskap, sidan dette unntaket på ein god måte ivaretar situasjonen der foreldre likevel ikkje kan arbeide i tilsynstida og derfor bør kunne få ugraderte pleiepengar. Det er derfor lagt opp til ei lovteknisk justering.

4.2.2 Nærmore om korleis § 9-11 vil bli

Departementet foreslår at § 9-11 første ledd skal regulere når pleiepengar skal bli graderte. Dei aktuelle situasjonane blir lista opp i bokstav a til c. Det er a) når omsorgspersonen er i delvis arbeid, b) når barnet som nemnt i § 9-10 er i etablert tilsyns- og avlastingsordning delar av dagen eller nokre dagar i veka, og c) når to til fem omsorgspersonar tar imot pleiepengar etter § 9-10 første ledd.

I bokstav b) blir dagens regulering om gradering målt mot ei normalarbeidsveke på 37,5 timer ikkje med vidare i ordlyden til ny føresegn, men dette går allereie fram av forskrifa om gradering av pleiepengar og vil derfor ikkje innebere ei materiell endring. Sjå nærmare om dette under punkt 4.2.4. Situasjonen som nemnt i bokstav c) er ikkje same situasjon som allereie er regulert i § 9-10 andre ledd, men ei lovfesting av gjeldande praksis. Sjå nærmare om dette i punkt 4.2.3.

Dagens unntak frå gradering når sjukdommen til barnet, jf. § 9-10, medfører at omsorgspersonen ikkje kan vere i arbeid fordi barnet må ha tilsyn og pleie om natta, eller omsorgspersonen må vere i beredskap, blir flytta frå § 9-11 tredje ledd og vidareført i § 9-11 andre ledd. Det er likevel omskrive av språklege omsyn. Dette inneber ikkje ei materiell endring.

Nytt tredje ledd seier at opplæringspengar skal bli graderte på same vis som pleiepengar etter første ledd bokstav a. Dette gjeld i dag gjennom tilvisinga i § 9-15 til kapittel 8 (som også gjeld for opplæringspengar), og da nærmare til § 8-13. Likevel meiner departementet at det av pedagogiske omsyn er behov for ei tydeleg regulering i kapittel 9 også, og foreslår at det blir regulert i den nye føresegna om gradering.

Nytt fjerde ledd seier at pleiepengar og opplæringspengar kan bli graderte ned til 20 prosent. Dette gjeld også i dag gjennom tilvisinga i § 9-15 til kapittel 8, og da nærmare til § 8-13. Som for regulering av gradering av opplæringspengar, meiner departementet at det av pedagogiske omsyn er behov for ei tydeleg regulering i kapittel 9, og foreslår at det blir regulert i den nye føresegna om gradering.

I nytt femte ledd blir forskriftsheimelen som i dag står i fjerde ledd vidareført.

4.2.3 Forslag om å lovfeste talet personar som kan dele på pleiepengar

Det er sikker rett at ikkje berre foreldre, men også andre omsorgspersonar f.eks. ein besteforelder, kan ha rett til pleiepengar. Denne omsorgspersonen vil kunne få inntil 100 prosent pleiepengar avhengig av kor mye vedkommande er borte frå arbeidet og taper inntekt på grunn av pleieoppgåvene.

Ei anna problemstilling er om pleiepengane kan givast til meir enn ein person for kvar pleiepengeperiode. Det går fram av § 9-10 andre ledd at inntil to omsorgspersonar kan få pleiepengar samtidig når barnet sitt behov for kontinuerleg for tilsyn og pleie tilseier det. Det betyr at to personar kan få inntil 200 prosent pleiepengar per barn for same tidsrom (begge får inntil 100 prosent pleiepengar). Det er ikkje direkte regulert i lova om fleire omsorgspersonar kan dele på 100 prosent pleiepengar, altså om fleire personar kan dele ein innvilga stønadspériode mellom seg. Eit typisk eksempel er at to foreldre har tilsyn og pleie annan-kvar dag eller veke, slik at behovet til barnet for tilsyn alltid blir ivaretatt, samtidig som begge foreldra jobbar halv tid og tar imot 50 prosent pleiepengar.

I folketrygdlova § 9-10 første ledd står det «et medlem som har omsorg for barn under 18 år, har rett til pleiepenger [...»]. Ordlyden seier berre at denne medlemmen må ha omsorg for barnet, ikkje at pleiepengane må avgrensast til den same personen heile tida. Departementet kan ikkje sjå at denne problemstillinga er omtalt i forarbeida. I Arbeids- og velferdsetaten er det fast praksis at fleire omsorgspersonar kan dele på 100 prosent pleiepengar. Det maksimale talet er avgrensa av at kvar pleiepengemottakar minst må ta ut 20 prosent pleiepengar, jf. folketrygdlova § 9-11 andre ledd, dvs. at inntil fem omsorgspersonar kan dele

på 100 prosent pleiepengar. Departementet har fått opplyst at praksis i etaten varierer, men at i dei aller fleste tilfella er det likevel mest aktuelt for to personar.

Departementet ser at det er hensiktsmessig at dagens praksis med deling av 100 prosent pleiepengar blir lovfesta. Det vil sikre ein tydeleg lovheimel. Departementet har vurdert om retten bør bli avgrensa til to personar av omsyn til barnet sitt behov for tryggleik og stabilitet. Av omsyn til at omsorgspersonane skal kunne arbeide mest mogleg meiner departementet likevel at denne moglegheita bør bli avgrensa til fem omsorgspersonar. Dette vil vere i tråd med kravet om at kvar pleiepengemottakar minst må ta ut 20 prosent pleiepengar.

Reguleringa inneber inga materiell endring i kven som kan vere omsorgsperson.

Departementet foreslår at dette skal gå fram av den nye føresegna for gradering i folketrygdlova § 9-11 første ledd.

4.2.4 Forslag om å fjerne vilkåret om 37,5 timars arbeidsveke i ny § 9-11

Det følger av folketrygdlova § 9-11 at pleiepengar skal bli graderte når barnet er i tilsyns- og avlastingsordning delar av dagen eller nokre dagar i veka. I andre ledd står det at ytinga skal graderast ned for kvar time barnet har tilsyn av andre, målt mot ei normalarbeidsveke på 37,5 timer, i tillegg til at ytinga kan graderast ned til 20 prosent.

Som nemnt under punkt 4.1.1 er det gitt ein forskrift om gradering av pleiepengar, jf. folketrygdlova § 9-11 fjerde ledd. Her er det gitt nærmare reglar om korleis graderinga skal skje. Sidan gradering av pleiepengar er regulert både i § 9-11 andre ledd og i forskrifta, er det ei viss overregulering. Forskrifta har den mest utdjupande reguleringa.

I forslag til ny førsegn om gradering av pleiepengar i § 9-11, blir dei tre graderingsalternativa lista opp, høvesvis ved arbeid, tilsyn og uttak av stønad til fem personar. Paragrafen er meint å regulere når pleiepengar skal graderast. Av lovtekniske omsyn meiner departementet at reglar om korleis graderinga skal skje ved det eine alternativet om tilsyn ikkje treng å stå i sjølve paragrafen, når det ikkje skal stå for dei andre alternativa. Reglar om korleis gradering skal skje vil likevel gjelde sidan dei allereie står i forskrifta om gradering av pleiepengar. Slik sett blir det ikkje foreslått nokon materiell endring, men berre ei lovteknisk endring. Departementet foreslår å endra folketrygdlova § 9-11 første ledd i tråd med dette.

4.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaga til endring er lovtekniske justeringar som ikkje vil ha økonomiske konsekvensar for stønadsbudsjettet. Forslaga vil heller ikkje ha administrative kostnader.

5 Forslag om å presisere reglane for rett til opplæringspengar i tråd med praksis

5.1 Gjeldande rett

Opplæringspengar blir i dag gitte til personar som treng nødvendig opplæring for å ta seg av og behandle eit barn med funksjonshemmning eller langvarig sjukdom. Det er ein føresetnad at personen gjennomgår opplæring ved ein godkjent helseinstitusjon eller deltar på foreldrekurset ved eit offentleg spesialpedagogisk kompetansesenter, jf. folketrygdlova § 9-14. Opplæringspengar kan bli gitte sjølv om barnet er over 18 år, jf. folketrygdlova § 9-14 andre ledd.

For å ha rett på opplæringspengar må personen gjennomføre opplæring som er nødvendig for å ta seg av og behandle eit barn. Det inneber at også andre enn foreldre, som f.eks. besteforeldre, kan få opplæringspengar, så lenge dei har ei rolle med å ta seg av og behandle barnet, sjå Prop. 7 L (2022–2023). Det må vidare dreie seg om eit barn, altså at søkeren sin relasjon til den som treng pleie er ein voksen-barn-relasjon. Barnet kan likevel vere over 18 år, jf. folketrygdlova § 9-14 andre ledd. Det inneber at opplæringspengar ikkje skal bli gitte for ektefellar eller sambuarar som deltar på opplæringskurs. Dette er i samsvar med gjeldande rett og forarbeida.

5.2 Departementet si vurdering

5.2.1 Vilkåra knytte til tenestene

Ordlyden i enkelte av vilkåra i § 9-14 er utdaterte og tar ikkje omsyn til at det har endra seg korleis opplæringstenestene blir utført.

Det er vilkåra «foreldrekkurs» og «offentlig spesialpedagogisk kompetansesenter» som i mindre grad samsvarer med opplæringskurs slik dei er innretta i dag. Ordlyden i vilkåret om «foreldrekkurs» tilseier at retten er øyremerk foreldre som deltar på kurs. Det er misvisande fordi også andre enn foreldre kan ha rett på opplæringspengar, sjá punkt 5.1. Departementet foreslår derfor å endre dette.

Når det gjeld vilkåret «offentlig spesialpedagogisk kompetansesenter», vil departementet peike på at det ikkje finst ei ordning for offentleg godkjenning av spesialpedagogisk kompetansesenter. At kurset må vere offentleg, er heller ikkje i tråd med dagens praksis i Arbeids- og velferdsetaten. Det er lang og fast praksis for at også private behandlingstilbod etter særlege retningslinjer, skal kunne gi rett til opplæringspengar. Med tida er gjennomføring av opplæringskurs også i stor grad blitt overført frå offentlege til private aktørar. Departementet vurderer vidare at ordlyden «spesialpedagogisk kompetansesenter» er lite hensiktsmessig, da det er uklart kva som skal bli rekna som dette. Departementet foreslår at dette omgrepet blir bytta ut og omskrive til «anerkjent pedagogisk opplæring». Departementet peiker også på at det vesentlege er at opplæringa blir rekna som nødvendig for å kunne ta seg av og behandle barnet.

Departementet gjer oppmerksam på at det ikkje blir foreslått endringar i dagens vilkår om opplæring ved godkjent helseinstitusjon for rett til opplæringspengar.

Ved å endre vilkåra i paragrafen slik som foreslått over, kjem reglane i lova samsvar med dagens tenestetilbod og praksis. Endringa gjer at første ledd blir omskrive av omsyn til klart språk. Departementet foreslår at folketrygdlova § 9-14 blir endra i tråd med dette.

5.2.2 Vilkår knytte til rettssubjektet for rett til opplæringspengar

Departementet viser til at det fram til 2023 var eit vilkår om at personen som søkte om opplæringspengar hadde omsorg for barn med ei funksjonshemmning eller ein langvarig sjukdom. Sjølv om det stod «omsorg for barn», kunne også andre personar enn foreldra få rett til opplæringspengar dersom dei i periodar hadde den faktiske omsorga for barnet.

Vilkåret «omsorg for» blei i praksis i Arbeids- og velferdsetaten og i rettspraksis tolka utvidande. Ved lovendring i 2023 blei ordlyden endra slik at rett til opplæringspengar blir gitt til ein person som tar seg av eit funksjonshemma eller langvarig sjukt barn. Som det går fram

av Prop. 7 L (2022–2023) var endringa ikkje meint å innebere ei realitetssendring i personkretsen omfatta av ordninga, men eit forslag for å bringe lova i tråd med praksis.

Etter at lovendringa har verka ei tid, ser ein no at fjerninga av omsorgsvilkåret har gjort det vanskelegare å lese ut av føresegna kva for type relasjonar som kan gi rett til opplæringspengar. Det er uheldig at det ikkje kjem klart fram i lova kva for persongrupper som har rett til opplæringspengar. Dette er særleg utfordrande der barnet har fylt 18 år. Arbeids- og velferdsetaten får etter lovendringa i 2023 søknader om opplæringspengar frå personar som tar vare på sjuke ektefellar og sambuarar. Dette er ein relasjon som ikkje fall innunder den tidlegare reguleringa, men som ut frå ordlyden (om ein ser bort frå overskrifta) kan framstå som ein relasjon som kan gi rett på opplæringspengar. Det er likevel sikker rett at ektefellar og sambuarar ikkje får rett til opplæringspengar, jf. forarbeida om at det ikkje har vore meinings å endre rettstilstanden her, og at det står «barn» i føresegna. Etaten brukar ressursar på desse søknadene. Departementet foreslår derfor å sette inn att omgrepene «omsorg for» i føresegna, men understrekar at det ikkje krevst at ein har foreldreansvar for barnet. Det vil også hindre unødvendige søknader til Arbeids- og velferdsetaten. Departementet foreslår å endra folketrygdlova § 9-14 i tråd med dette.

5.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget til endring er ei lovteknisk justering for å bringe ordlyden til lova i tråd med gjeldande praksis. Forslaget vil ikkje få økonomiske konsekvensar for stønadsbudsjettet, og det vil heller ikkje ha administrative kostnader.

6 Forslag om eiga føresegn om kva for reglar i kapittel 8 som skal gjelde for pleiepengar og opplæringspengar

6.1 Gjeldande rett

Som tidlegare nemnt under punkt 4.1.3 blir pleiepengar og opplæringspengar berekna og utbetalte etter reglane for sjukepengar i kapittel 8, jf. folketrygdlova § 9-15.

Størrelsen på stønaden er knytt til tapt pensjonsgivande inntekt, og stønaden blir ytt etter fastsett grunnlag. Grunnlaget for pleiepengar og opplæringspengar er som for sjukepengar, og tar utgangspunkt i den aktuelle inntekta som er rapportert inn til a-ordninga¹. Lønnsinntekt og andre godtgjersler som er eit resultat av arbeidstakaren sin eigen arbeidsinnsats, skal takast med når den aktuelle månadsinntekta blir berekna.

På same måte som for sjukepengar, blir pleiepengar og opplæringspengar gitte med 100 prosent kompensasjon opp til seks gonger grunnbeløpet. Dette gjeld for arbeidstakrarar, frilansarar og sjølvstendig næringsdrivande, jf. folketrygdlova § 8-10 og § 9-15 første ledd.

Pleiepengar og opplæringspengar blir utbetalte frå første dag, dvs. frå første dokumenterte fråværsla fra jobb, jf. folketrygdlova §§ 9-15 og 9-16. Dette gjeld også for sjølvstendig næringsdrivande og frilansarar, slik at ventetidsreglane for sjukepengar etter folketrygdlova § 8-34 andre ledd, § 8-38 andre ledd og § 8-47 sjette ledd ikkje gjeld for pleiepengar og opplæringspengar, jf. § 9-15 tredje ledd.

¹ A-ordninga er ein samordna måte for arbeidsgivarar å rapportere opplysningar om inntekt og tilsette til Arbeids- og velferdsetaten, Skatteetaten og Statistisk sentralbyrå.

6.2 Departementet si vurdering

Ifølge folketrygdlova § 9-15 blir stønadene etter kapittel 9 berekna etter reglane i kapittel 8. Departementet meiner at dette er utfordrande av fleire grunnar.

Det er pedagogisk utfordrande at omgrep i kapittel 8 som «sykepenger» og «egen arbeids-uførhet», blir brukte om stønader som gjeld sjukdom hos barn, når den som søker om yttinga sjølv er frisk og arbeidsfør. Fleire av berekningsreglane er også kompliserte og tekniske. I tillegg er det fleire føresegner som viser til kvarandre utan nærmare forklaring, ikkje berre frå kapittel 9 til kapittel 8, men også internt i kapittel 8. I sum er dette eit krevjande regelverk å forstå, saksbehandle og rettleie om.

Kapittel 8 i folketrygdlova inneholder 58 paragrafar. Dei fleste av paragrafane inneholder fleire ledd, som gir unntak frå hovudregelen eller ei eiga regulering for spesielle situasjonar. Det er reglar om vilkår, oppteningstid, gradering, berekning, dokumentasjon, oppfølging, medverknad, varigheit med meir. Mange av desse føreseggnene, men ikkje alle, skal gjelde for stønader etter kapittel 9, og tilvisinga i § 9-15 sikrar heimel for dette. Sjølv om tilvisinga sørger for å ha heimelen på plass, gjer ho det likevel ikkje tydeleg *kva for* reglar som skal gjelde for stønader etter kapittel 9. Når Arbeids- og velferdsetaten skal behandle saker om pleiepengar, omsorgspengar og opplæringspengar, ville det vere enklare og meir effektivt om saksbeandlerane kan finne dei aktuelle reglane i eitt og same kapittel. Ei føresegn i kapittel 9 som spesifikt nemner dei aktuelle føreseggnene i kapittel 8, må derfor vere presis og utfyllande. Elles kan ein risikere å miste viktig regulering. Departementet har vurdert å etablere ei slik samleføresegn. Departementet har landa på at det er for mange aktuelle føresegner til å forsvare ein eigen paragraf. Ein slik rettsleg korrekt paragraf ville bli svært omfattande og detaljert. I tillegg er departementet bekymra for at regulering kan bli borte på vegen med å etablere ei samleføresegn.

Departementet foreslår derfor at tilvisinga til føresegna om sjukepengar i kapittel 8 i dagens § 9-15 første ledd, framleis blir ståande. Som eit pedagogisk grep foreslår departementet likevel å etablere ein forskriftsheimel som gir høve til å presisere i forskrift *kva for* føresegner i kapittel 8 som skal gjelde for stønader etter kapittel 9. Sidan forskrifter er enklare å endre på enn føresegner i lov, vil ein lettare kunne rette opp i forskrifta dersom ein oppdagar at ei føresegn i kapittel 8 som skal gjelde for kapittel 9 er blitt utelaten i forskrifta. Ei slik forskrift vil ikkje ha verknad for brukarane sine rettar eller plikter sidan desse allereie følger av lova, men vil vere til hjelp for saksbehandlinga i etaten og gjere informasjonen meir tilgjengeleg for brukarane. Departementet foreslår å endra folketrygdlova § 9-15 i tråd med dette.

6.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaget til endring er ei lovteknisk justering og vil ikkje ha økonomiske konsekvensar for stønadsbudsjettet. Det vil heller ikkje ha administrative kostnader.

7 Forslag om å presisere eit lovkrav om medisinsk dokumentasjon ved unntak frå gradering av pleiepengar på grunn av nattevake og beredskap

7.1 Gjeldande rett

Det blir gitt fulle pleiepengar når omsorgspersonen må vere heilt fråverande frå jobb (og taper inntekt) for å ta seg av eit barn som er sjukt og treng kontinuerleg tilsyn og pleie slik det står i folketrygdlova § 9-10.

Det kan bli innvilga graderte (reduserte) pleiepengar når det er etablert ei tilsyns- og avlastingsordning for barnet deler av dagen eller nokre dagar i veka, jf. folketrygdlova § 9-11. Slike ordningar vil typisk vere barnehage og skole, men kan også vere avlastingsbustad eller andre typar avlastingstilbod. Da er det andre personar som tar seg av barnet, og omsorgspersonen er fristilt til å arbeide. Det går fram av § 9-11 andre ledd at ytinga skal graderast ned for kvar time barnet har tilsyn av andre, målt mot ei normalarbeidsveke på 37,5 timer. Det er vidare gitt eit unntak frå gradering, når sjukdommen til barnet medfører at omsorgspersonen likevel ikkje kan vere i arbeid fordi barnet må ha tilsyn og pleie om natta (nattevake), eller omsorgspersonen må vere i beredskap, jf. folketrygdlova § 9-11 tredje ledd.

For rett til pleiepengar er det eit krav om at søkeren må legge fram legeerklæring frå spesialisthelsetenesta, jf. folketrygdlova § 9-16 første ledd. Det gjeld både ved første søknad og ved forlenging. Legeerklæringa må dokumentere at barnet har behov for kontinuerleg tilsyn og pleie på grunn av sjukdom, skade eller lyte, jf. folketrygdlova § 9-16 andre ledd. Dersom det er etablert tilsyns- og avlastingsordning for barnet, må den som søker om pleiepengar, dokumentere kor mange timer i veka dette gjeld, jf. folketrygdlova § 9-16 tredje ledd.

7.2 Departementet si vurdering

Dersom barnet har tilsyn av andre, f.eks. barnehage eller skole, skal pleiepengane bli graderte ned tilsvarende omfanget av tilsynet. Dersom foreldra ikkje kan arbeide på grunn av nattevake eller beredskap, kan det likevel bli gitt unntak frå gradering.

Svært mange av dei som i utgangspunktet skal få pleiepengane graderte mot tilsyn, opplyser at dei har nattevake eller må vere i beredskap slik at dei ikkje kan arbeide sjølv om barnet har omfattande tilsyn. Det er i denne samanhengen ei utfordring at saksbehandlaren i Arbeids- og velferdsetaten ikkje har tilstrekkeleg medisinsk kunnskap til å kontrollere om unntaksvilkåra for gradering er oppfylte. I praksis er det derfor opp til søkeren sjølv å avgjere om vilkåra er oppfylte. Departementet meiner at behovet for nattevake og beredskap bør vere ein del av den medisinske vurderinga som blir gjort av spesialisthelsetenesta i forbindelse med søknaden om pleiepengar.

Departementet vil derfor foreslå eit lovkrav om at det skal gå fram av legeerklæringa i kva grad omsorgspersonen har så mye nattevake eller må vere så mye i beredskap at det ikkje er foreinleg med at hen er heilt eller delvis i arbeid. Eit slikt lovkrav vil sikre at unntak berre blir gitte i tilfelle der dei medisinske opplysningane støttar opplysninga frå foreldra.

Lovkravet vil vere ei presisering av kva legar i spesialisthelsetenesta skal vurdere i ei legeerklæring som det allereie er lovfesta at dei skal gi, i tilknyting til ein søknad om pleiepengar. Dette er altså ikkje ei ny plikt som blir lagt på legane, men ei tydeleggjering som

også kan vere til støtte for legen til å gi dei naudsynte opplysningane som Arbeids- og velferdsetaten uansett vil krevje. Dette kan bidra til å hindre eventuelle ekstra førespurnader med ønske om å få legeerklæringa utdjupa. Departementet foreslår å endra folketrygdlova § 9-16 i tråd med dette.

7.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet har ikkje grunnlag for å seie noko sikkert om kor mange saker som vil bli påverka av regelendringa. På eit usikkert grunnlag blir det antatt at forslaget vil gi ei mindre innsparing.

Forslaget vil ikkje ha administrative konsekvensar.

8 EØS-rettslege vurderingar knytte til forslaga

Forordning (EF) nr. 883/2004 (trygdeforordninga) og forordning (EF) nr. 987/2009 (gjennomføringsforordninga), som er innlemma i Avtalen om Det Europeiske Økonomiske Samarbeidsområde av 2. mai 1992 (EØS-avtalen) vedlegg VI nr. 1 og 2, regulerer trygdekoordineringa mellom EØS-statane. Omsorgspengar, pleiepengar og opplæringspengar er kontantytingar ved sjukdom etter trygdeforordninga, og er omfatta av føresegne i desse to forordningane. Forordningane er koordineringsinstrument og stiller som utgangspunkt ikkje krav til innretninga av dei nasjonale trygdeordningane i EØS-statane. Trygdeforordninga har likevel føresegner som påverkar EØS-statane sitt høve til å avgrense moglegheita til å ta med seg trygdeytingar til ein annan EØS-stat.

Forordningane må sjåast i samanheng med EØS-retten sine reglar om fri rørsle for personar, og etableringsretten for sjølvstendig næringsdrivande og tenesteytarar/-mottakarar i EØS-avtalens hovuddel, og dessutan sekundærretten i direktiv 2004/38/EF om fri personrørsle. Desse forbyr i utgangspunktet nasjonale reglar som kan gjere det mindre attraktivt å nytte den retten til fri rørsle som EØS-retten gir, men tillèt likevel slike reglar der dei tilfredsstiller EØS-rettslege krav til grunngiving og utforming.

Forsлага som blir fremma i høyringsnotatet her inneber justeringar i eksisterande ordningar, men påverkar ikkje målgruppa for ordningane. Det er ikkje foreslått endringar som inneber ein restriksjon på moglegheita til å ta med seg ei yting ut av landet, eller som vanskeleggjer retten til fri rørsle etter EØS-avtalen.

Lovforsлага vil gjelde uavhengig av om mottakarar av sjukepengar, omsorgspengar, pleiepengar eller opplæringspengar er i Noreg eller i eit anna EØS-land. Dette er i tråd med dei generelle prinsippa i EØS-avtalens hovuddel og i gjennomføringsforordninga artikkel 27.

9 Utkast til endringar i lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd

§ 8-47 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Dersom et medlem mottar eller har mottatt sluttvederlag eller etterlønn i forbindelse med opphør av et arbeidsforhold eller *frilanseroppdrag*, utvides fristen i første ledd til *opptil* seks måneder.

§ 9-5 tredje ledd nytt andre punktum skal lyde:

Dersom barnet er kronisk eller langvarig sykt eller funksjonshemmet, og vilkårene for utvidet rett til omsorgspenger etter § 9-6 andre ledd er oppfylt, gjelder retten til og med det året barnet fyller 18 år. *Den utvidede retten til omsorgspenger kan begrenses i tid dersom vilkårene for rett til ytelsen ikke forventes å være fram til det året barnet fyller 18 år.*

Ny § 9-11 skal lyde:

§ 9-11. Graderte pleiepenger og opplæringspenger

Pleiepenger graderes når:

- a. *omsorgspersonen er i delvis arbeid.*
- b. *barn som nevnt i § 9-10 er i etablert tilsyns- og avlastningsordning deler av dagen eller noen dager i uken.*
- c. *to til fem omsorgspersoner mottar pleiepenger etter § 9-10 første ledd.*

Det gjøres unntak fra første ledd bokstav b når barnets sykdom, jf. § 9-10, medfører at omsorgspersonen må være i beredskap eller ha tilsyn og pleie om natten i et slikt omfang at det ikke lar seg kombinere med å være helt eller delvis i arbeid. Se også § 9-16 tredje ledd.

Opplæringspenger graderes på tilsvarende måte som i første ledd bokstav a.

Pleiepenger og opplæringspenger kan graderes ned til 20 prosent.

Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gradert ytelse.

§ 9-14 første ledd skal lyde:

Til et medlem som har omsorg for et barn med en funksjonshemming eller langvarig sykdom kan det ytes opplæringspenger dersom medlemmet gjennomgår opplæring ved godkjent helseinstitusjon, eller deltar på anerkjent pedagogisk opplæring, som er nødvendig for at omsorgspersonen kan ta seg av og behandle barnet.

§ 9-15 overskriften skal lyde:

§ 9-15. Beregning og utbetaling av pleiepenger og opplæringspenger

§ 9-15 nytt sjette ledd skal lyde:

Departementet kan gi forskrift om hvilke regler i kapittel 8 som skal gjelde for stønad etter kapittel 9.

§ 9-16 tredje ledd nytt andre punktum skal lyde:

Dersom det er etablert tilsyns- og avlastningsordning for barnet, må den som søker om pleiepenger, dokumentere hvor mange timer i uken det gjelder. *Dersom omsorgspersonen ikke kan være i arbeid som følge av behov for nattevåk eller beredskap, jf. § 9-11 andre ledd, må dette dokumenteres av lege i spesialisthelsetjenesten.*